



AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN FOR FJALER 2009 - 2019. VEDTAK AV PLAN.

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansvarleg
Formannskapet	10.03.2009	045/09	COH
Kommunestyret	23.03.2009	043/09	OLH

Arkivsaknr	Sakshandsamar	Arkiv
07/652	Connie Hovland	K1-140

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-5 vert arealdelen av kommuneplanen for Fjaler 2009 – 2019 vedteken med følgjande endringar:

Kommuneplankartet:

Grense for reguleringsplan for Dalsfjordbrua vert teikna inn på kartet og påført lista over godkjende reguleringsplanar.

Hytteområde N6 på Bortheim vert teke ut av planen.

Naturvernområda Lona og Søreboemyrane vert teikna inn på kartet.

Hytteområde N15 på Kjosnes vert endra slik som vist på vedlagt kart datert 03.03.09.

Bustadområde N8 – Nova vert teke ut av planen.

Industriområda I1, I2, I4 og I5 må påførast bokstav-/tallkode på plankartet.

Holmane vest for industriområde på Lutelandet får endra føremål til industriområde jfr. kartvedlegg i brev datert 15.01.09 frå Vestavind Kraft AS.

Friluftsområde i sjø og akvakulturområde får endra føremål til friluftsområde/ferdsel og akvakultur/ferdsel.

Akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vert innteikna på plankartet med omriss av godkjent plassering.

Lokalitet Kyravika vert teke inn i plankartet.

Lokalitet Åsnesvika vert teke ut av kartet.

Låsettingsplass i Håvåg vert teke inn i plankartet. .

Dei to regionale friluftsområda Drøsdalsvassdraget – Langevatnet og Hellevik – Furevåg vert innteikna på plankartet.

Automatisk freda kulturminne vert innteikna på plankartet.

Kykjene vert markert på kommuneplankartet.

Kommunedelplankart for Dale:

Alle formålsflatene i kartet markerast med bokstav-/tallkode i kartet. Bokstav-/tallkodane skal og markerast i teiknforklaringa.

Alle gjeldande reguleringsplanar innanfor området vert markerte i kartet med plangrense, bokstav-/tallkode og skravur som viser at områda er unnateke rettsverknad. Liste over alle reguleringsplanane skal visast i teiknforklaringa.

B3 og B4 vert tekne ut av planen.

Sørvestlege deler av offentlig område (gbnr 63/71) på Tross vert endra til bustadføremål. Bustadområde i kommunedelplanen for Dale med kulturhistorisk verdi vert innarbeidd på kartet som spesialområde bevaring. Dei aktuelle områda går fram av kart datert 12.02.09 vedlagt merknaden frå fylkeskommunen.

Tekstdel/retningsliner/føresegner:

Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 7.2.1: Innanfor område B5 og B6 skal utnyttingsgraden vere minimum 2 bustadeiningar per dekar bruttoareal.

Punkt 1.8 om RPR for barn og planlegging vert tek ut av føresegnene.

Følgjande tekst vert lagt til under punkt 6.6: For akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vil fortøyningane kunne strekke seg ut over område avsett til akvakultur

Teksten i punkt 1.6 og 1.7 i føresegnene vert endra frå: *I følgjande områder skal det ikkje gjevast dispensasjon til: I følgjande områder bør det ikkje gjevast dispensasjon.*

Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 4.3 i tekstdelen til arealplanen:

Potensiale for automatisk freda kulturminne i form av spor etter gardsbusetnad i bronse- og jernalder er generelt stort i dyrka mark og anna innmarksareal.

Potensiale for buplassar frå steinalder (automatisk freda kulturminne) er generelt stort i strandnære område opp til vel 20 moh.

Generelt:

Plankart, teiknforklaring og føresegner skal gjennomgåast og endrast slik at planen får ei eintydig framstilling. Dette gjeld kun teknisk framstilling og andre mindre justeringar som ikkje medføre noko endra rettsverknad av planen.

10.03.2009 FORMANNSKAPET

Handsaming i møtet:

På spørsmål frå Magnar Vagstad (AP) vedk mini- og mikrokraft i Flekke- og Guddalsvassdraget viste rådmannen til saksutgreiing og at det ville bli planlagt oppstart av arbeid med rullering av "Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget 1994".

På spørsmål frå Magnar Vagstad (AP) vedk mulegheiter for skilting av veg frå Flekke til Haugland samt markering av busstopp ved Flekke-butikken viste leiar teknisk kontor mellom anna til at dette ville bli muleg å komme med innspel på i samband med rullering av trafikktryggleiksplanen, som vil bli lagd fram for oppstart i kommunestyret 23.03.09.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FOR-045/09 FRAMLEGG TIL VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-5 vert arealdelen av kommuneplanen for Fjaler 2009 – 2019 vedteken med følgjande endringar:

Kommuneplankartet:

Grense for reguleringsplan for Dalsfjordbrua vert teikna inn på kartet og påført lista over godkjende reguleringsplanar.

Hytteområde N6 på Borthheim vert teke ut av planen.

Naturvernområda Lona og Søreboemyrane vert teikna inn på kartet.

Hytteområde N15 på Kjøsnes vert endra slik som vist på vedlagt kart datert 03.03.09.

Bustadområde N8 – Nova vert teke ut av planen.

Industriområda I1, I2, I4 og I5 må påførast bokstav-/tallkode på plankartet.
Holmane vest for industriområde på Lutelandet får endra føremål til industriområde jfr. kartvedlegg i brev datert 15.01.09 frå Vestavind Kraft AS.
Friluftsområde i sjø og akvakulturområde får endra føremål til friluftsområde/ferdsel og akvakultur/ferdsel.
Akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vert innteikna på plankartet med omriss av godkjent plassering.
Lokalitet Kyravika vert teke inn i plankartet.
Lokalitet Åsnesvika vert teke ut av kartet.
Låsettingsplass i Håvåg vert teke inn i plankartet. .
Dei to regionale friluftsområda Drøsdalsvassdraget – Langevatnet og Hellevik – Furevåg vert innteikna på plankartet.
Automatisk freda kulturminne vert innteikna på plankartet.
Kykjene vert markert på kommuneplankartet.

Kommunedelplankart for Dale:

Alle formålsflatene i kartet markerast med bokstav-/tallkode i kartet. Bokstav-/tallkodane skal og markerast i teiknforklaringa.
Alle gjeldande reguleringsplanar innanfor området vert markerte i kartet med plangrense, bokstav-/tallkode og skravur som viser at områda er unnateke rettsverknad. Liste over alle reguleringsplanane skal visast i teiknforklaringa.
B3 og B4 vert tekne ut av planen.
Sørvestlege deler av offentleg område (gbnr 63/71) på Tross vert endra til bustadføremål.
Bustadområde i kommunedelplanen for Dale med kulturhistorisk verdi vert innarbeidd på kartet som spesialområde bevaring. Dei aktuelle områda går fram av kart datert 12.02.09 vedlagt merknaden frå fylkeskommunen.

Tekstdel/retningsliner/føresegner:

Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 7.2.1: Innanfor område B5 og B6 skal utnyttingsgraden vere minimum 2 bustadeiningar per dekar bruttoareal.
Punkt 1.8 om RPR for barn og planlegging vert tek ut av føresegnene.
Følgjande tekst vert lagt til under punkt 6.6: For akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vil fortøyningane kunne strekke seg ut over område avsett til akvakultur
Teksten i punkt 1.6 og 1.7 i føresegnene vert endra frå: *I følgjande områder skal det ikkje gjevast dispensasjon til: I følgjande områder bør det ikkje gjevast dispensasjon.*
Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 4.3 i tekstdelen til arealplanen:
Potensiale for automatisk freda kulturminne i form av spor etter gardsbusetnad i bronse- og jernalder er generelt stort i dyrka mark og anna innmarksareal.
Potensiale for buplassar frå steinalder (automatisk freda kulturminne) er generelt stort i strandnære område opp til vel 20 moh.

Generelt:

Plankart, teiknforklaring og føresegner skal gjennomgåast og endrast slik at planen får ei eintydig framstilling. Dette gjeld kun teknisk framstilling og andre mindre justeringar som ikkje medføre noko endra rettsverknad av planen.

Handsaming i møtet:

Endringsframlegg frå rådmannen var delt ut i møtet.

Leiar teknisk kontor Edvin Bøthun og sakshandsamar Connie Hovland var til stades under handsaminga.

Odd Magne Skjerping (H) vart kjend ugild under handsaminga. Det møtte ingen i hans stad

Endringsframlegg frå SV v/Erling Hjelle:

Endring kommuneplankart for Dale:

1. Nytt område for offentlege bygningar nær sjukeheimen
2. Område for utviding av gravplass på Øyra må få ny status "friluftsområde" eller "park, stemneplass"

Endringsframlegg frå rådmannen:

Kommuneplankartet:

Område N3 i Korssund vert teke ut av planen.

Tekstdel/retningslinjer/føresegner:

Punkt 1.6 i føresegnene: teksten *Heggenes* vert endra til *Heggenes vest* (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).

Punkt 1.7 i føresegnene: tekst i underpunkt 1 vert endra til: *rundt Flekkefjorden* (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).

Punkt 1.7 i føresegnene: tekst i underpunkt 2 vert endra til: *Korssund – Følsund – Lammetun* (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).

Røysting:

Formannskapet sitt framlegg med rådmannen sitt endringsframlegg vart samrøystes vedteke.

Endringsframlegget frå SV v/Erling Hjelle vart ikkje vedteke. Vert å komme attende til i kommande reguleringsaker.

KOM-043/09 VEDTAK:

I samsvar med plan- og bygningslova § 20-5 vert arealdelen av kommuneplanen for Fjaler 2009 – 2019 vedteken med følgjande endringar:

Kommuneplankartet:

Grense for reguleringsplan for Dalsfjordbrua vert teikna inn på kartet og påført lista over godkjende reguleringsplanar.

Område N3 i Korssund vert teke ut av planen.

Hytteområde N6 på Bortheim vert teke ut av planen.

Naturvernområda Lona og Søreboemyrane vert teikna inn på kartet.

Hytteområde N15 på Kjosnes vert endra slik som vist på vedlagt kart datert 03.03.09.

Bustadområde N8 – Nova vert teke ut av planen.

Industriområda I1, I2, I4 og I5 må påførast bokstav-/tallkode på plankartet.

Holmane vest for industriområde på Lutelandet får endra føremål til industriområde jfr. kartvedlegg i brev datert 15.01.09 frå Vestavind Kraft AS.

Friluftsområde i sjø og akvakulturområde får endra føremål til friluftsområde/ferdsel og akvakultur/ferdsel.

Akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vert innteikna på plankartet med omriss av godkjent plassering.

Lokalitet Kyravika vert teke inn i plankartet.

Lokalitet Åsnesvika vert teke ut av kartet.

Låssettingsplass i Håvåg vert teke inn i plankartet. .

Dei to regionale friluftsområda Drøsdalsvassdraget – Langevatnet og Hellevik – Furevåg vert innteikna på plankartet.

Automatisk freda kulturminne vert innteikna på plankartet.

Kykjene vert markert på kommuneplankartet.

Kommunedelplankart for Dale:

Alle formålsflatene i kartet markerast med bokstav-/tallkode i kartet. Bokstav-/tallkodane skal og markerast i teiknforklaringa.

Alle gjeldande reguleringsplanar innanfor området vert markerte i kartet med plangrense, bokstav-/tallkode og skravur som viser at områda er unnateke rettsverknad. Liste over alle reguleringsplanane skal visast i teiknforklaringa.

B3 og B4 vert tekne ut av planen.

Sørvestlege deler av offentlig område (gbnr 63/71) på Tross vert endra til bustadføremål.

Bustadområde i kommunedelplanen for Dale med kulturhistorisk verdi vert innarbeidd på kartet som spesialområde bevaring. Dei aktuelle områda går fram av kart datert 12.02.09 vedlagt merknaden frå fylkeskommunen.

Tekstdel/retningslinjer/føresegner:

Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 7.2.1: Innanfor område B5 og B6 skal utnyttingsgraden vere minimum 2 bustadeiningar per dekar bruttoareal.

Punkt 1.8 om RPR for barn og planlegging vert tek ut av føresegnene.

Følgjande tekst vert lagt til under punkt 6.6: For akvakulturlokalitetar i friluftsliv-

/ferdselområde vil fortøyningane kunne strekke seg ut over område avsett til akvakultur

Teksten i punkt 1.6 og 1.7 i føresegnene vert endra frå: *I følgjande områder skal det ikkje gjevast dispensasjon til: I følgjande områder bør det ikkje gjevast dispensasjon.*

Følgjande tekst vert innarbeidd under punkt 4.3 i tekstdelen til arealplanen:

Potensiale for automatisk freda kulturminne i form av spor etter gardsbusetnad i bronse- og jernalder er generelt stort i dyrka mark og anna innmarksareal.

Potensiale for buplassar frå steinalder (automatisk freda kulturminne) er generelt stort i strandnære område opp til vel 20 moh.

Punkt 1.6 i føresegnene: teksten *Heggnes* vert endra til *Heggnes vest (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).*

Punkt 1.7 i føresegnene: tekst i underpunkt 1 vert endra til: *rundt Flekkefjorden (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).*

Punkt 1.7 i føresegnene: tekst i underpunkt 2 vert endra til: *Korssund – Følsund – Lammetun (jfr skravur for område utan fritidsbebygging i plankartet).*

Generelt:

Plankart, teiknforklaring og føresegner skal gjennomgåast og endrast slik at planen får ei eintydig framstilling. Dette gjeld kun teknisk framstilling og andre mindre justeringar som ikkje medføre noko endra rettsverknad av planen.

Trykte vedlegg i saka

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
88	I	16.11.2008	Arne Milde	Vedr.: Lutelandet og areal til bygging av bolig/fritidshus
94	I	10.12.2008	Gunn-Kari og Roald Skår	Uttale til kommuneplan 2009-2019 - Arealdel
102	I	14.01.2009	Jane Noven	Uttale kommuneplan
106	U	15.01.2009	Vestavind Kraft AS	Planområde for Lutelandet Energipark
103	I	21.01.2009	Erling Hjelle	Merknader/innspeil til kommuneplan, arealdelen
107	I	25.01.2009	Fjaler Pensjonistlag	Uttale om arealdelen
110	I	12.02.2009	Kystverket Vest	Motsegn - offentlig ettersyn av kommuneplan 2009-2019
113	I	15.02.2009	Statens vegvesen	Kommentar til kommuneplan for Fjaler 2009 - 2019 - offentlig ettersyn
114	I	16.02.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Motsegn mot div. byggjeområde
115	I	17.02.2009	Bergvesenet	Offentleg ettersyn av kommuneplan
116	U	20.02.2009	Kystverket Vest	Offentleg ettersyn av kommuneplanen 2009-2009 - Fjaler kommune. Avklaring av motsegn frå Kystverket.
117	U	20.02.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Offentleg ettersyn kommuneplan for Fjaler 2009-2009 - Avklaring av motsegn frå fylkeslandbruksstyret.
118	I	22.02.2009	Den Norske Kyrkja	Utvida høyringsfrist- kyrkjegardsareal
119	I	22.02.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Fråsegn til føreslegen kommuneplan
120	I	22.02.2009	Fiskeridirektoratet	Kommuneplan - offentlig høring innsigelse
121	I	23.02.2009	Anne Erstad	Innspeil til kommuneplan 2009-2019
129	I	24.02.2009	Kystverket Vest	Avklaring av motsegn frå Kystverket
122	I	25.02.2009	Sogn og Fjordane fylkeskommune	Kommuneplan for Fjaler 2009 - 2019 - uttale
126	I	26.02.2009	Åsnes Ski AS	Framtidig bruk av industriområdet på Straumsnes
128	I	26.02.2009	Oddgeir.Aardal@fmsf.no	Avklaring av motsegn frå fylkeslandbrukstyret
127	U	27.02.2009	lj@fmsf.no	Avklaring av motsegn
130	I	03.03.2009	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Inn og utg epost. Avklaring av motsegn - fylkesmannen v/mijløvernadvleinga
134	I	03.03.2009	Statens landbruksforvaltning	Offentleg ettersyn av kommuneplanen 2009-2019
132	I	03.03.2009	Fiskeridirektoratet	Inn og utg epost - Avklaring av motsegn frå Fiskeridirektoratet
131	X	04.03.2009		Kartskisse datert 03.03.09 for avgrensing av hytteområde N15 - Kjøsnes

Kommuneplan for Fjaler 2009 – 2019- offentlig ettersyn:
 Tekstdel (del 1: langsiktige mål og strategier, del 2: arealdelen)
 Kommuneplankart
 Kommunedelplankart for Dale
 Temakart A
 Temakart B

Karta vert kun utsendt til gruppeleiarane.

SAKSUTGREIING:

Kommuneplanen har vore utlagt til offentlig ettersyn for 2.gong i perioden 10.01 – 21.02.09. Det er totalt kome inn 17 merknader til arealdelen av kommuneplanen. Ei kort oppsummering av merknadane er gjengjeve nedanfor der administrasjonen har gjeve ei fortløpande vurdering av kvar enkelt merknad. Nokre av merknadane er svært omfattande og bør lesast slik dei ligg

føre. Det er mellom anna komme fleire motsegner til planen. Dersom ikkje motsegnene vert tekne til følgje kan ikkje kommunen eigengodkjenne kommuneplanen og den må sendast vidare for vidare handsaming.

Til slutt har administrasjonen gjeve ei vurdering av ulike tema basert på deler av merknadane og egne vurderingar av arealdelen av kommuneplanen.

Det har og vore møte i arealplangruppa der ein diskuterte og gjekk gjennom dei innkomne merknadane. Vurderingane nedanfor er baserte på det ein kom fram til i dette møte samt administrasjonen sine egne vurderingar.

VURDERING:

Brev datert 13.11.08 frå Arne Milde:

Tilbyr to areal til bygging av bustad og fritidsbustad på sin eigedom. Det eine er ei hyttetomt som hans syster eig mot sjøen på Holstad. Det andre er på oversida av vegen og har vore nytta som beite.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Den omtalte hyttetomta eksisterer ikkje i matrikkelen slik vi kan sjå her. Truleg er det her ikkje vore gjennomført frådeling etter vedtaket vart gjort i kommunen. Nokre nye bustadområder i ytre deler av kommunen er vurderte i konsekvensanalysen og lagt inn i framlegg til kommuneplan. Det vert ikkje vurdert som naudsynt å innarbeide fleire bustadområder på noverande tidspunkt. Enkelttomter kan likevel handsamast som dispensasjon dersom det vert aktuelt .

Brev datert 03.12.08 frå Gunn-Kari og Roald Skår:

Ber om at eksisterande bustadfelt vert utvida som vist på vedlagt kart merka 1 og 2 og at område merka 3 vert sett av til oppføring av rorbuer/naust.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Dette er eit eksisterande bustadområde der eventuelle nye bustadtomter vil verte handsama som dispensasjon. Søknader om nye tomter vil truleg få dispensasjon då det ligg i eit eksisterande bustadområde. Det aktuelle naustområdet kan og handsamast som dispensasjonssak. Er det aktuelt med eit større bustadfeltområde og ei større naust/rorbu utbygging bør det lagast ein reguleringsplan for området. Administrasjonen ser det difor ikkje som naudsynt å innarbeide desse områda i kommuneplanen. Innarbeiding av nye områder i planen vil og kunne medføre at planen må ut igjen på høyring noko som vil forsinke kommuneplanprosessen.

Brev datert 13.01.09 frå Jane Noven:

Har som grunneigar merknad til at det er utlagt byggjefelt på Nova. Denne eigedommen vert i dag nytta til landbruksføremål og det er ikkje ynskjeleg med endringar her. Ber om at området vert tatt ut av kommuneplanen.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Dette området (N8) vart innarbeidd i planen som følgje av eit politisk innspel tidlegare i planprosessen. Kommunen ser ikkje at behovet for eit bustadfelt er så stort i dette området at det her er naudsynt å gå mot grunneigar sin vilje. Administrasjonen tilrår difor at område N8 vert tatt ut av planen.

Brev datert 20.01.09 frå Erling Hjelle:

Har tre mindre innspel til kommuneplanen:
Ny hovudtilkomst til Lillingstoneheimen
Hyttefelt i fleirbruksplanen for Flekke- og Guddalsvassdraget er no klart til utbygging.
Innarbeiding av mellombels gangsti i Flekke.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Punkt 1 og 3 er tiltak som er for små og detaljerte til at dei kan innarbeidast i kommuneplanen og må difor handsamast som enkeltsaker.

Fleirbruksplanen er innarbeidd i kommuneplanen og er framleis gjeldande for det aktuelle området. Det må utarbeidast reguleringsplan for det aktuelle hytteområde. Etter det administrasjonen kjenner til så er dette arbeidet akkurat starta, men kommunen har enno ikkje motteke søknad om oppstart av planarbeid.

Brev datert 15.01.09 frå Vestavind Kraft AS:

Dei arbeider med regulering av vindparkområde på Lutelandet. I samband med konsekvensutgreiingar og konsesjonssøknad til NVE om vindmøllepark ber dei om ei stadfesting på at området som er under planlegging ligg innanfor det som no er under arbeid i samband med regulering av Lutelandet. Dersom holmane innanfor planområdet på vedlagde kart ikkje er avsett til industri/vindkraft ber ein om å få det vurdert i samband med reguleringa av vindparkområdet.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Fjaler kommune har ikkje fått reguleringsplan for vindparkområde på Lutelandet til handsaming enno. Kommunen tolka brevet frå Vestavind Kraft slik at det var ynskjeleg frå deira side å få dette området innarbeidd som industri område i kommuneplanen sin arealdel. Dei aktuelle holmane er ikkje avsett til industriområde og det må eventuelt innarbeidast i neste handsaming av planen. Sidan denne merknaden kom inn så tidleg i høyringsprosessen sende ein ut skriv til alle høyringsinstansane der vi ber om at ei slik utviding vert vurdert i denne høyringsperioden. Miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen har kome med merknad til dette området. Vidare vurdering er difor gjort under vurderinga av brevet frå fylkesmannen nedanfor.

Brev datert 23.01.09 frå Fjaler pensjonistlag:

Pensjonistlaget oppmodar om at Sandvika på Fure vert tilrettelagd som offentleg badeplass for ytre Fjaler.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Det aktuelle området er avsett til LNF område arealdelen. Det er ikkje aktuelt å innarbeide dette som badeplass i kommuneplanssamanheng då dette vert eit tiltak på eit anna detaljnivå. Det er likevel mogeleg å jobbe vidare med, uavhengig av kommuneplanprosessen. Det som er nødvendig for å kunne nytte dette området som badeplass er ein frivillig avtale med grunneigaren av området. Ofte er det vanleg praksis at lag/organisasjonar som for eksempel grendalag eller idrettslag står for dette arbeidet. Dersom dette ikkje er mogeleg å få til må kommunen regulere området og eventuelt ekspropriere arealet dersom ein ikkje får til ein frivillig avtale med grunneigar. Det siste er truleg lite aktuelt å gjennomføre.

Brev datert 09.02.09 frå Kystverket:

I planforslaget er alt sjøområde lagt ut til friluftsområde og til akvakultur. Dette er ikkje i samsvar med bruken av områda til ferdsel. Kystverket krev at sjøområde med viktig trafikk vert avsett til ferdsel. Kystverket krev at det i areal avsett til friluftsliv og akvakultur vert tatt med formål til ferdsel i tillegg.

Det er avsett eit svært område til akvakultur i Dalsfjorden. I store delar av dette arealet er det ikkje aktuelt med akvakulturanlegg og planen legg ikkje opp til interesseavklaringar mellom ferdsel og akvakultur her. Skal kommunen leggje av eit så stort areal til akvakultur i kommuneplanen, krev kystverket at ein legg inn formålet ferdsel i tillegg og at ein i tekstdelen til kommuneplanen viser til:

Store deler av arealet avsett til akvakultur er ikkje aktuelt til dette føremålet (flytande anlegg) av omsyn til sjøtrafikken. Plassering av akvakulturanlegg innanfor området, vil verta fastsett gjennom særlovs handsaming. Det vert krevd mellom anna løyve etter lov om hamner og farvatn, som kystverket forvaltar. Ved vurdering av søknad om etablering av akvakulturanlegg innanfor dette området vil den konkrete søknad bli nøye vurdert frå sak til sak med omsyn til omfang og plassering i forhold til sjøtrafikken, farlei og merkesystem.

Kystverket går til innsigelse mot kommuneplanen på desse arealformåla i sjø og ber om at kommunen tek kontakt for avklaring av endeleg plan.

Kystverket ber om at det i planens retningslinjer vert skrive forklaring til ”Viktige ledd i kommunikasjonssystemet – Farled”: Streken i kartet må ikkje oppfattast som ei definert farlei, men må tolkast som opplysningar om at det går ei lei i farvatnet.

Elles må eksisterande havbrukslokaliteter verta oppdatert i kommuneplanen. Lokaliteten i Sølvssteinvika som er med i kommuneplanforslaget er tatt ut i Fiskeridirektoratet sin havdatabse, medan eksisterande lokalitet ved Kyravika/Kjøsnes ikkje er tatt inn i planforslaget.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Administrasjonen er ikkje einige i endringane som Kystverket vil ha innarbeidd i planen. Det er ikkje naturleg å avsetje ein område til eit bestemt formål for så å sei i retningslinjene at heile området ikkje kan nyttast til dette bestemte formålet. Når det gjeld teksten Kystverket ynskjer innarbeidd så er viser den kun til kva anna regelverk som er gjeldande og kva som skal vurderast i kvar enkelt søknad. Dette er gjeldande uavhengig av det som står i kommuneplanen og skal ein vise til alt anna gjeldande regelverk så vert retningslinjene svært omfattande og uoversiktlege. Kommunen har skrive brev til Kystverket om dette og bedt om ei ny vurdering om dei ynskjer å nytte motsegn. I brev datert 24.02.09 trekker Kystverket motsegna forutsatt at det i sjøareal til akvakultur og friluftsliv vert tatt inn ferdsel i tillegg. Ferdsel vil bli tatt inn som ein del av akvakultur og friluftsområde. Det var og innarbeidd i gjeldande plan, men har falle ut i framlegget som var til offentleg ettersyn. Motsegna frå Kystverket er avklart og kommunen kan difor eigengodkjenne planen sjølv.

Brev datert 09.02.09 frå Statens vegvesen:

Viser til at reguleringsplanen for Dalsfjordbrua (tekn.nr C11) må inkluderast i kommunedelplanen for Dale.

Statens vegvesen har opplyst på telefon at ei markering av gjeldande reguleringsplan er greitt så lenge det går klarare fram av kartet enn i dag. Ber og om at ny vegline med korridor og byggjegrænse (50m) vert vist på kartet.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Grensene for reguleringsplanen er innteikna på plankartet og området er markert med skravur som seier at området er unnateke rettsverkad. Det vil seie at for dette området er det reguleringsplanen som er gjeldande. Dette går kanskje ikkje tydleg nok fram på plankartet så dette vil verte retta opp på plankartet og i teiknforklaringa. Ein vil og innarbeide ei markering som viser kva plan som er gjeldande. Dette vil verte gjort for alle gjeldande reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen. Når det gjeld veglina og byggjegrænse så framgår det av reguleringsplanen.

Brev datert 16.02.09 frå landbruksavdelinga hos fylkesmannen:

Fylkeslandbruksstyret har handsama saka og reiser motsegn mot følgjande byggjeområder:

- Bortheim (N6): omdisponering av 7-8 daa fulldyrka og overflatedyrka mark til hyttebygging.
- Byggjeområde B3 og B4 på Steia.
- Ved omdisponering og utbygging av byggjeområde B5 og B6 på Steia til bustader, set ein som vilkår (motsegn) at det vert vedteke ein utnyttingsgrad på minst 2 bustadeiningar per dekar bruttoareal.

Det er lagt ut nye områder til bustadbygging på Haugland og i Flekke/Igelkjønn. Har ikkje avgjerande merknader til arealbruken men stiller spørsmål til om det er trong for å leggje ut meir bustadareal i Flekke sentrum når det samstundes vert lagt ut nye byggjeområder på Haugland, som ligg like ved.

På Grytøyra er det lagt ut ca 45 daa til nye byggjeområder som omfattar noko overflatedyrka jord og mindre lettbrukt, fulldyrka jord. Nye byggjeområder her skal bidra til å sikre tilstrekkeleg tilgang på bustadtomter ved ei eventuell utbygging på Lutelandet.

Næringsutvikling og auka busetnad i dette områder er tiltak som kan definerast som samfunnsinteresser etter jordlova og ein har difor ikkje merknader til at det vert omdisponert noko dyrka jord til etablering av nye bustadtomter på Grytøyra.

På Bortheim vil hytteområde N6 medføre omdisponering av ca 7 daa dyrka mark og noko overflatedyrka mark. Det aktuelle området ligg midt i eit samanhengande jordbruksområde. Dette er ei uheldig plassering av eit hytteområde, som kan føre til drifts- og miljømessige ulemper for landbruket i området. Hyttebygging bør fyrst og fremst styrast til meir marginale område i utmarka. Det vert difor reist motsegn mot hytteområde N6 på Bortheim.

For hytteområde i Folkestad (N17) meiner landbruksavdelinga at det er uheldig å leggje ut produktive jordbruksareal til hyttebygging og rår frå å leggje dette området til byggjeområde for hytter. Oppmodar om at ein i staden vurderer å leggje hyttebygging i utmarksareala rett nord for det aktuelle området.

Landbruksavdelinga har ingen avgjerande merknader til hytteområde på Haugland og ny vegtrasè til Lutelandet.

Landbruksavdelinga meiner det er uheldig å omdisponere eit større område med fulldyrka jord på Haugland til offentlege føremål. Her er det tale om offentlege føremål i tilknytning til dei aktivitetane som allereie er etablerte på Haugland. Dette vil ha verdi både for sysselsetjing og busetjing, noko som etter jordlova kan definerast som samfunnsinteresser.

Landbruksavdelinga kan difor akseptere at det vert omdisponert dyrka jord til dette føremålet. I kommunedelplanen for i Dale saknar ein oversyn over kor mange bustadtomter kommunen forventar det vil vere behov for Dale sentrum i planperioden. Jordvernet har vorte sterkt innskjerpa dei seinare åra. Dei aktuelle utbyggingsområda på Steia består av fulldyrka og lettdrive jordbruksareal, som framleis har stor verdi for landbruket. Kan ikkje akseptere at heile dette området vert omdisponert utan at tomtebehovet er mykje betre dokumentert. Det vart gjeve innstilling til fylkeslandbruksstyret om motsegn mot område B3, B4 og B5 og vilkår til område B6. I møte kom det framlegg om ei endring og det vart vedteke motsegn mot område B3 og B4 og sett vilkår til områda B5 og B6.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

For dei områda som landbruksavdelinga reiser motsegn mot så tilrår administrasjonen at desse vert tekne til følgje i planen. Det betyr at hytteområde N6 i kommuneplanen og bustadområde B3 og B4 i kommunedelplanen for Dale vert tekne ut av planen. For område B5 og B6 tilrår ein å innarbeide utnyttingsgrad i tråd med merknaden. Motsegna vert då rekna å vere teken til følgje og kommunen kan eigengodkjenne planen. Administrasjonen har og fått ei avklaring med landbruksavdelinga på dette i epost 23.02.09.

Når det gjeld spørsmål kring om det er naudsynt å ha nye bustadområde både på Haugland og i Flekke så meiner administrasjonen at det er riktig. Sjølv om desse to områda ligg svært nær

kvarandre så er det likevel to svært ulike områder. På Haugland er det eit eige miljø knytt til aktiviteten på Haugland. Det er etter administrasjonen si vurdering naudsynt med bustadområde på begge stader då dette vert sett på som to sjølvstendige områder. Det er ikkje slik at dei som ynskjer å etablere seg i Flekke nødvendigvis ynskjer å byggje på Haugland og omvendt.

Når det gjeld offentleg areal på Haugland så meiner administrasjonen dette er naudsynt for å sikre areal til ei eventuell framtidig utviding og vidareutvikling av dei ulike aktivitetane som er på Haugland i dag.

Landbruksavdelinga er og kritiske til hytteområde N17 i Folkestad. Dette arealet er i dag registrert som beite. I konsekvensutgreinga er det omtala som eit marginalt beiteområde. Strandsona i området er og delvis utbygd. Det vert feil å flytte dette lenger nord for det aktuelle området då dette er innarbeidd som følge av innspel frå grunneigar av området. Administrasjonen meiner dette arealet kan ligge i planen som det er og at detaljane kring ei utbygging kan takast gjennom reguleringsplanarbeidet.

Brev datert 17.02.09 frå Bergvesenet:

Bergvesenet er nøgd med at det i arealplanen er satt av eit nytt område for råstoffutvinning nordaust for Dale. Ut over dette har ikkje Bergvesenet nokre merknader til planen.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Merknaden er teke til orientering og det er ikkje naudsynt med endringar i planen som følge av denne.

Brev datert 18.02.09 frå Bjørgvin bispedømmeråd:

Under prosessen med kommuneplanen er det komme forslag om nyplassing av kyrkjegarden i Dale. I det foreslåtte arealet kan ein nytte inntil 10 daa til Kyrkjegard. Arealmessig synes det å dekke behovet i mange år framover. Ulempe med plasseringa er avstanden frå kyrkja til planlagd kyrkjegard. Det vil vere viktig at det vert lagt til rette for ein prosesjonsveg. Samstundes er det viktig at det vert teke omsyn til både parkeringsareal og tilkomst til kyrkjegarden. Gjer samstundes merksam på at når ein arbeider vidare med kyrkjegårdsplanane, må ein ta omsyn til at det på kyrkjegard der det ikkje er kyrkje eller kapell med klokke, skal det vere ein frittstående støpul og klokke. Når dette kjem på plass i planen har Bjørgvin bispedømmeråd inntrykk av at ein har prøvd å løyse denne utfordringa med kyrkjegard i Dale på ein best mogeleg måte.

Har gjennom dialog med Fjaler sokneråd forståing av at det er behov for ny kyrkjegard snarast, og ber om at økonomiske løyvingar til dette føremålet vert prioritert.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Alle detaljane i merknaden frå Bjørgvin bispedømmeråd er detaljar som ikkje kan innarbeiddast i kommuneplanen sin arealdel, men som ein må ta med seg i det vidare planarbeidet med kyrkjegarden. Det må lagast reguleringsplan for området og ein meir detaljert kyrkjegårdsplan. Reguleringsplanen må mellom anna finne løysing på tilkomst og parkeringsplassar til området.

Når det gjeld økonomiske løyvingar så må det handsamast som eiga sak.

Brev datert 20.02.09 frå Fylkesmannen si miljøvernaveiding:

Tar atterhald om bruk av motsegn mot seinare reguleringsplan for fleire byggeområder. Bakgrunn for dette atterhaldet er at plassering og avgrensing av områda som skal regulerast.

For eit av desse områda er det sett krav om (motsegn) å redusera byggjeområdet alt no i kommuneplanen, pga. at det omfattar ei lang strandlinje og ubygd øy og holmar. Atterhaldet gjeld følgjande områder:

Korssund – N3

Grytøyra – N20

Haugland – N10

Dalsøyna – N14

Bortheim – N6

Kvamen/Setenes N12 og N13

Folkestad – N17

Kjøsneset – N15

Nautsund – N9

For bygging av ny veg til Lutelandet etter innteikna trasê er det ein føresetnad at omsøkt kraftlinje vert bygd, viss ikkje må andre vegalternativ vurderast.

Ei eventuell utviding av vindkraftområdet på Lutelandet til også å omfatte holmane i vest må utgreiast nærmare og takast stilling til gjennom konsekvensutgreiinga for konsesjonssøknad og reguleringsplan. Rår vidare klart til å avgrense byggeområdet for industri i kommuneplanen til å følgje planlagt vegtilkomst til kaiområdet.

Kommunen må gå gjennom plankart, føresegner og teiknforklaring for å retta opp dette slik at planen vert eintydig.

Dette er ei kort oppsummering av merknaden frå miljøvernavingdelinga. Merknaden må difor lesast sik den ligg føre.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Miljøvernavingdelinga reiser motsegn mot det planlagde hytteområde N15 på Kjøsneset. Dei set krav om at området må reduserast i omfang for at det skal kunne godkjennast.

Administrasjonen har utarbeidd eit forslag (karts-kisse datert 26.02.09) til endring som er oversendt til miljøvernavingdeling for godkjenning. Miljøvernavingdelinga har i epost datert 03.03.09 gjeve tilbakemelding om at endringa slik den er skissert ikkje kan godkjennast. Dei skriv at dersom ein tar ut det smale belte i sør og grensa flyttast inst i bukta så vil dei fråfalle motsegna. Administrasjonen har utarbeidd eit kart (datert 03.03.09) som viser denne endringa. Det er for dette området søkt om oppstart av reguleringsplan, men denne er lagt til side i påvente av kommuneplanarbeidet. Administrasjonen har vore i kontakt med søkjar og ei endring som skissert ovanfor vil komme i vesentleg konflikt med deler (1 av 3 skisserte byggjeområder) av søkjar sine planar for området. Administrasjonen tilrår likevel at området vert endra jfr. vedlagde karts-kisse datert 03.03.09. Dette grunna at ein ikkje ynskjer ei sak med motsegn for dette området. Når ein jobbar vidare med reguleringsplan for område kan ein truleg ta med noko av dette arealet i planen likevel så lenge det vert avsett til friluftsområde eller liknande føremål.

Miljøvernavingdelinga tek og atterhald om å reise motsegn til fleire av byggjeområde i reguleringsplanarbeidet. Dette då dei meiner dei ulike byggjeområda har for uklar avgrensing. For ny vegtrasê tek dei same atterhaldet og dei har som forutsetnad at både vegen og lina vert bygd. Administrasjonen ser at avgrensinga av område kan vere noko uklar men ynskjer å la desse vere som dei er og at detaljane då vert tekne gjennom reguleringsplanarbeidet. For ny vegtrasê er det ikkje mogeleg å innarbeide nokre krav som sikrar at både vegen og lina vert bygd. Det er heilt klart ein stor fordel at begge desse tiltaka vert plassert i same trasê men det er to ulike tiltak og ulik tiltakshavar som gjer det vanskeleg å knyte tiltaka meir saman. Miljøvernavingdeling rår og til at industriområde på Lutelandet vert avgrensa til vegen ned til kaiområdet og at holmane i vest ikkje vert innarbeidd i arealdelen. Administrasjonen meiner at avgrensinga mot søraust må vere slik den er skissert. Dette samsvarar med reguleringsplanen som no er ute til høyring og det er ikkje ynskjeleg å stramme inn dette området no i kommuneplanen. Dersom det skulle vise seg gjennom reguleringsplanen at dette

er eit konfliktfylt område så må ein ta vurderingane der, og eventuelt endre formålet i reguleringsplanen. Det same gjeld og for holmane i vest. Administrasjonen meiner dette må kunne innarbeidast i kommuneplanen og at detaljane og utgreiingar om det aktuelle området kjem gjennom reguleringsplanarbeidet. Administrasjonen ynskjer ikkje å stramme inn på industriområdet no i kommuneplanen då dette er eit tiltak som har stor samfunnsmessig interesse og meiner at det her vert riktig å ta vurderingane gjennom reguleringsplanarbeidet.

På temakart A er EDNA og FRIDA lokalitetane teikna inn. Miljøvernavdelinga oppmodar om at også områda frå den kommunale naturtyperegistreringa vert vist på temakartet. Dette er administrasjonen for så vidt einig i, men problemet her er at vi kun har desse registreringane på papirformat enno. Det er ein ganske stor jobb å få digitalisert alle desse. Det er årsaka til at ein ikkje har innarbeidd desse i kommuneplanen i denne runda. Kommunen brukar likevel denne registreringa bevist i sitt arbeid.

Miljøvernavdelinga stiller spørsmål til om områda N12 og N 13 i Kvamen/Setenes er særleg eigna til utbygging. Administrasjonen ser at desse områda ikkje er optimale, men ynskjer likevel å få dei vurderte gjennom reguleringsplanarbeid. Dette gjeld spesielt med tanke på om det er mogeleg å få etablert ei kai i området. Gjennom prosessen med reguleringsplan kan ein gå meir inn på detaljar i saka og få undersøkt området tilstrekkeleg på fleire områder. Det må og mellom anna lagast ei ROS-analyse for å utgreie mogeleg skredfare og fare for flaum.

Miljøvernavdelinga rår sterkt til å ta område til den planlagde motorsportbana i Nautsund (N9) ut av planen. Dei ser det som svært uheldig å leggje til rette for motorsportbane i eit myrområde i vassdragsbelte til eit verna vassdrag. Det må her lagast reguleringsplan med konsekvensutgreiing. Her vil ein få klarlagt konsekvensane av tiltaket. Dersom det viser seg at bana vil ha for stor negativ verknad i høve vassdraget og eventuelt andre tilhøve må ein sterkt vurdere å leite etter andre alternativ. Det har vore leita etter areal til ei slik bane i lengre tid utan resultat. Det er fleire fordeler med plasseringa slik den er i dag. Området ligg avgrensa for seg sjølv og god avstand til nærmaste bustadområde. Det kan og vere mogeleg å få til eit fellesanlegg med Hyllestad kommune om bana vert plassert her. Saka er truleg konfliktfylt med tanke på vassdraget, men administrasjonen ynskjer å få dette nærmare utgreidd gjennom reguleringsplanarbeidet og dermed behald området i kommuneplanen.

For område N21 set miljøvernavdelinga det som vilkår at kraftlina vert bygd. Det betyr at dei og her tek atterhald om motsegn til reguleringsplan dersom den kjem før det er endeleg avgjort om lina vert bygd eller ikkje. Administrasjonen ser det som viktig å ha eit næringsområde tilgjengeleg i nærleiken av Lutelandet. Når ein kjem i gang med ei utbygging på Lutelandet kan det fort medføre behov for næringsareal i nærområdet. Slik området er plassert vil det truleg vere mindre attraktivt dersom vegen og kraftlina ikkje vert bygd.

Miljøvernavdelinga viser til punkt 1.8 om RPR (rikspolitiske retningslinjer) for barn og planlegging ikkje kan takast med i føresegnene. Administrasjonen tilrår difor at dette punktet vert teke ut. Desse føringane vil uansett vere gjeldande for kommunen sitt arbeid og det er ikkje naudsynt å gjengi dette i føresegnene.

For sjøområda har ein bestemt at ein legg inn ferdsel i tillegg til akvakulturområde og friluftsområde i tråd med krav frå kystverket. Miljøvernavdelinga ynskjer at natur og fiske vert lagt til friluftsliv/ferdsel områda og at natur, fiske og friluftsliv vert lagt til akvakultur-/ferdselområda. Administrasjonen meiner dette ikkje er naudsynt. Administrasjonen vel difor å halde på sjøområde slik som føreslått, noko som og er ei vidareføring av gjeldande plan.

For Flekke- og Guddalsvassdraget oppmodar fylkesmannen til å nytte formålet *område for særskilt bruk eller vern av vassdrag*. Kommunedelplangrensa for fleirbruksplanen for er innteikna. Området er og markert som restriksjonsområde med formålet områder som er bandlagt eller skal bandleggast (her etter vassdragslova). Administrasjonen meiner dette er like riktig som forslaget frå fylkesmannen. Her må ein gjere ein jobb for å få framstillinga på plankartet tydelegare.

Brev datert 19.02.09 frå Fiskeridirektoratet:

Fiskeridirektoraten kan ikkje sjå at kommunen har tatt hensyn til tidlegare innspel angående å avsette tilstrekkeleg område til akvakultur. Områda må vere så store at eksisterande tillatelser blir sikra areal. I tillegg bør ein ha anledning til utviding og mindre justeringar av anlegga. Kommunen må derfor ta høgde for dette enten ved å setje av tilstrekkeleg areal til at fortøyningene kan inkluderas i område, eller at ein i føresegnene til arealdelen presiserer at fortøyningane kan ha utstrekning ut over akvakulturområdet. Det er viktig at områda som blir avsett til akvakultur i planen er så store at ein i ettertid ikkje må søkje om dispensasjon for å etablere/ endre anlegg.

Låssettingsplass i Håvåg er utelatt og må takast inn i kartet.

Fiskeridirektoratet reiser innsigelse og krev følgjande endringar:

Eksisterande tillatelser til akvakulturvirksomhet blir merket med eit tilstrekkelig område.

Under pkt. 6.6 område i vassdrag og sjø – sjøområde, blir beskrevet om fortøyningene inngår i avsett akvakulturområde eller ikkje.

Lokalitet i Kravika og Agnaldsvika må takast inn i kartet.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Låssettingsplass i Håvåg og lokalitet i Kyravika (omtalt som Kravika) vert innarbeidd på plankartet. I epost 03.03.09 har ein fått nye opplysningar om at lokalitet Agnaldsvika og Åsnesvika er sletta. Åsnesvika er vist på kartet og må takast ut.

Når det gjeld storleiken på akvakulturområdet rundt eksisterande lokalitetar så kan administrasjonen ikkje sei seg heilt einig i merknaden frå fiskeridirektoratet. Markeringane av lokalitetane i kartet er ikkje tenkt som noko endeleg avgrensing av kvar enkelt lokalitet. Det er kun meint som ei markering for å vise kvar eksisterande lokalitetar er plassert. For lokalitetar som ligg innanfor område avsett til akvakultur skulle dette ikkje vere noko problemstilling. Her er område rundt alle lokalitetane heilt inn til land avsett til akvakultur så det er ikkje naudsynt med ei utviding av område rundt kvar lokalitet. Nye lokalitetar eller utviding av eksisterande vil vere i samsvar med kommuneplanen og det er ikkje naudsynt med dispensasjon. Fortøyningar høyrer til kvart enkelt anlegg og er såleis ein del av lokaliteten. For denne delen av kommuneplanen er det ikkje naudsynt med endringar slik administrasjonen ser det.

Når det gjeld lokalitetar i friluftsområde i indre deler av kommunen så ligg alle desse innanfor vernesona for laksefjorden. For dette område vil det vere eigne føringar som gjeld og det er lite aktuelt med nye lokalitetar eller utviding av eksisterande innanfor dette området.

I friluftsområde i ytre deler av kommunen er det to eksisterande lokalitetar. Det er så fall ei eventuell utviding av desse som vil måtte handsamast som dispensasjon.

Kommunen har vore i kontakt med fiskeridirektoratet og har fått tilbakemelding (sjå epost 03.03.09) om at akvakulturlokalitetar utanfor merka A- område må vere tilstrekkeleg stort slik at anlegget blir liggjande innanfor avsett areal. Administrasjonen tilrår følgjande endring: *Akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vert innteikna på plankartet med omriss av godkjent plassering.*

Lokalitet Kyravika vert teke inn i plankartet.

Lokalitet Åsnesvika vert teke ut av kartet.

Låssettingsplass i Håvåg vert teke inn i plankartet.

Endring i pkt 6.6: For akvakulturlokalitetar i friluftsliv-/ferdselområde vil fortøyningane kunne strekke seg ut over område avsett til akvakultur.

Fiskeridirektoratet har i epost 03.03.09 stadfesta at innsigelsen vert trekt dersom endringane ovanfor vert innarbeidd.

Brev datert 12.02.09 frå Fylkeskommunen:

Utbygging av småbåthamn i Korssund som omtalt ligg i eit svært sårbart område landskapsmessig ved innseglinga til Korssund og nær opp til Olavskrossen. Kulturavdelinga reiser motsegn mot dette området og ber om at det vert teke ut av planen.

Det er to regionale friluftsområder i kommunen; Drøsdalsvassdraget – Langefjorden og Hellevik – Furevåg. Regionale friluftsområder skal merkast på plankartet.

Stukturen i retningsliner og føresegner kan oppfattast som noko blanda. Tilrår at retningsliner og føresegner vert sett opp som t.d kap 8 og 9 med planteksten først.

Bokstavkodar på plankartet bør visast i teiknforklaringa og så langt som mogeleg bør alle formålsflater ha bokstavkoding.

I føresegnene punkt 1.6 og 1.7 er det satt forbod mot dispensasjon. Det er ikkje tilgang til å oppheve lovreglane om dispensasjon gjennom planvedtak noko som betyr at planføresegnene ikkje kan forby dispensasjon. Dette bør difor flyttast til retningslinjene og teksten må endrast til t.d: *i følgjande områder bør det ikkje gjevast dispensasjon.*

I den nye planlova vert reguleringsplan delt i to nivå; områderegulering og detaljregulering. Rår kommunen til å definere kva reguleringsplantype som skal følgje opp arealplanen for områda N1-N22.

I arealdelen er det markert kva planar som framleis skal gjelde, men det er ikkje gjort for kommunedelplanen for Dale. Markeringa bør skje på kartet, eventuelt med ei opplisting i føresegnene. Det vil vere ein fordel om kommunedelplanen også viser plangrenser for vedtekne reguleringsplanar og at det framgjekk av teksten når planane var vedteken.

Når det gjeld kulturminne og kulturlandskap har fylkeskommunen følgjande merknader:

Temakart A:

Dei freda kulturminna må i tillegg inngå på arealplankartet.

Freda bygnignar må også inngå. I Fjaler er Vonens hus i Dale freda i medhald av lov om kulturminne.

Bygningar bygde før 1900 bør også nemnast.

Tilrår at tema kulturlandskap inngår under avsnitt 2.4.

Føreslår at kyrkjene vert lagt inn på kartet. Kyrkjene er viktige kulturminne i kommunane.

Retningslinjer:

Under pkt. 4.3 kan det vere relevant å leggje inn følgjande tekst :

Potensiale for automatisk freda kulturminne i form av spor etter gardsbusetnad i bronse- og jernalder er generelt stort i dyrka mark og anna innmarksareal.

Potensiale for buplassar frå steinalder (automatisk freda kulturminne) er generelt stort i strandnære område opp til vel 20 moh.

Plankart – arealdelen:

Kulturminne som er freda i medhald av Lov om kulturminne, skal vise som bandlagde område i arealdelen. Dei automatisk freda kulturminna skal visast som rune-R. Føreslår at eksisterande tekst vet bytta ut.

Kommunedelplan for Dale:

Det er nytta bustadområde og skravur for verneverdig bygningsmiljø når det gjeld arealet for Vonens hus. Tilsvarande kan nyttast for fleire område. Desse er vist på vedlagt kart. Det vert tilrådd at skravuren for område med kultuthistoriske bygningar har følgjande tekst – spesialområde bevaring.

Avsnitt 7.4 Bandlagde områder:

Her nemna vi område som vi meiner har slike kulturhistoriske verdiar at dei må sikrast betre enn tilfellet er i dag. Vonens hus er som nemnt tidlegare freda i medhald av Lov om kulturminne. Tilrår at det blir nytta same symbol på kart og teiknforklaring. Andre områder som burde vore merkt på same måte er det gamle kommunehuset. Gamal skulestove og Klokkargarden. Sameleis bygningar langs vegen sør, aust og nord for kyrkja. Likeeins området kring Tross og bygningane lenger aust (sjå vedlagde kart).

Konsekvensanalysar:

Saknar vurdering av forhold til kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap i samband med mange av dei føreslegne planane. Det er potensiale for automatisk freda kulturminne i mange av dei planlagde utbyggingsområda. Tilhøvet til kulturminneinteressene må avklarast når reguleringsplan blir lagt til offentleg høring. Kan difor ikkje formelt sei oss samd i arealbruken som framkjem her. Er sterkt kritisk til område N6 på Bortheim og område N3 i Korssund. For område N3 i Korssund vert tidlegare varsel om motsegn oppretthaldt.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Basert på merknaden frå fylkeskommunen føreslår administrasjonen følgjande endringar: Område N3 vert teke ut av planen. Det er godkjent oppstart av planarbeid for dette området. Den er no lagt litt på is i påvente av kommuneplanen. Sjølv om område vert teke ut av kommuneplanen vil ein framleis gå vidare i reguleringsplansaka. Det må gjerast ein del vurderingar og utgreiingar i den neste runda der og så får ein ta ut frå innspel og utgreiingar avgjerde om dette er ein plan ein skal gå vidare med eller ikkje.

Dei to regionale friluftsområda Drøsdalsvassdraget – Langefjorden og Hellevik – Furevåg vert innteikna på planen.

Teksten i pkt 1.6 og 1.7 i førsegnene: *I følgjande områder skal det ikkje gjevast dispensasjon må bytast ut med I følgjande områder bør det ikkje gjevast dispensasjon.*

Alle vedtekne reguleringsplanar innanfor kommunedelplanen for Dale vert markert i kartet med plangrense og skravur (unnateke rettsverknad). Dei skal i tillegg markerast med tall/bokstav og listast opp i teiknforklaringa på same måte som gjeldande reguleringsplanar innanfor kommuneplankartet.

Alle automatisk freda kulturminna vert innarbeidd på arealplankartet.

Bustadområde i kommunedelplanen for Dale med kulturhistorisk verdi vert innarbeidd på kartet som spesialområde bevaring. Dei aktuelle områda går fram av kart vedlagt merknaden frå fylkeskommunen.

Kykjene vert markert på kommuneplankartet.

Følgjande tekst vert innarbeidd under pkt. 4.3 i tekstdelen til arealplanen:

Potensiale for automatisk freda kulturminne i form av spor etter gardsbusetnad i bronse- og jernalder er generelt stort i dyrka mark og anna innmarksareal.

Potensiale for buplassar frå steinalder (automatisk freda kulturminne) er generelt stort i strandnære område opp til vel 20 moh.

Fylkeskommunen rår til at kommunen definerer kva type reguleringsplantypen som skal følgje opp arealplanen for områda N1-N22. Administrasjonen synes det er vanskeleg å definere dette på noverande tidspunkt. Dette er to plantypar som vert gjeldande i den nye plandelen som kjem til sommaren. Administrasjonen føler at ein veit for lite om desse to plantypene til å bestemme dette no. Truleg vert det mest aktuelt å nytte den typen som er mest lik dagens reguleringsplan. For planar innanfor kommunedelplanen for Dale vert det truleg mest aktuelt med detaljplanar. Administrasjonen meiner at dette må vurderast i oppstartsaka til kvar enkelt søknad og ikkje no i kommuneplanen.

I tillegg til å varsle motsegn til område N15 så er fylkeskommunen sterkt kritiske til hytteområde N6 på Bortheim. Dette området har landbruksavdelinga varsla motsegn mot og administrasjonen tilrår at området vert tatt ut av planen.

Fylkeskommunen tilrår at område B9 i kommunedelplanen for Dale vert teke ut av planen eller at det vert sett rekkefølgebestemmelse grunna at området er rasutsett. Dette er omtalt i retningslinjene og administrasjonen meiner vidare prosess her må gjerast gjennom ei endring av reguleringsplanen. Området er ikkje tilrettelagt for nye tomter på noverande tidspunkt og skredfaren og eventuelle tiltak må avklarast før vidare utbygging kan skje.

Brev datert 23.02.09 frå Anne og Karl Jan Erstad:

Dersom bygging av ny vegtilkomst og ny høgspenst line til Lutelandet er samanfallande i tid krev ein at høgspenstledningen vert lagt i kabel i tilknytning til vegen.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Ein kan ikkje leggje inn krav i kommuneplanen at desse to tiltaka skal gjennomførast på same tid. Når det gjeld høgspenstlina og om den skal leggjast i kabel eller ikkje så vert dette handsama som eiga sak og det er Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) som handsamar dette etter eige lovverk. Denne saka er ikkje ferdig handsama på noverande tidspunkt. Dette er difor ikkje noko som ein handsamar gjennom kommuneplanen.

Brev datert 26.02.09 frå Åsnes Ski AS:

I samband med at det no er beslutta å avikle skiproduksjonen på Straumsnes er det iverksatt eit arbeid med å finne alternative bruksområder for industriområde.

Eit alternativ kan vere virksomhet innen reiseliv. Er i dag i dialog med ein mulig etablerer som vurderer å bygge og tilrettelegge for bueinignar og fellesfasiliteter – primært retta mot sportsfisketurisme.

Ber om at Fjaler kommune gjennom revisjon av kommuneplanen åpner for at området – som alternativ tiltradisjonell industrivirksomhet – også kan tilretteleggast for verksemd innen reiseliv.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

Det aktuelle området er avsett til LNF område i kommuneplanen og det er ikkje reguleringsplan for området. Her vert det då eksisterande bruk av grunn som vert gjeldande for bruken av området. Administrasjonen ser positivt på at ein prøver å skape ny aktivitet på området. Då det framleis er noko uklart kva den framtidige bruken av området vert så vert det og vanskeleg å avsette område til riktig formål. Den type bruk som er skissert her kan komme inn under fleire ulike formål. Administrasjonen meiner difor det ikkje er naudsynt å innarbeide noko i arealdelen for dette området. Det er i dag godkjent som industriområde og når ein har meir konkrete planar får ein ta vurderinga om korleis det skal handsamast. Avhengig kva bruk og omfanget av det vil vere avgjerande her. Det kan enten gjennomførast som bruksendring eller så må ein truleg lage reguleringsplan for det aktuelle området. Ut frå slik det er skissert her er det reguleringsplan som er mest aktuelt. Ei endring i kommuneplanen no vil og medføre at planen må ut på ny høyring.

Brev datert 27.02.09 frå Statens landbruksforvaltning:

Statens landbruksforvaltning (SFL) har motteke utskrift av fylkeslandbruksstyret si handsaming av kommuneplanen til Fjaler samt brev datert 20.02.09 frå kommunen i høve avklaring av motsegn. SFL har i bakgrunn i dialogen mellom Fjaler kommune og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, samt Fylkesmannen si tilråding ikkje funne grunnlag for å reise motsegn mot byggeområde B5 i kommuneplanen for Fjaler.

Administrasjonen si vurdering av merknaden:

SFL har mynde til å reise motsegn dersom dei ikkje kan godkjenne vedtaket gjort i fylkeslandbruksstyret. Dei har ein frist til å uttale seg på 2 veker etter møte i

fylkeslandbruksstyret. Dei går ikkje til motsegn mot kommuneplanen til Fjaler og godkjenner såleis vedtaket i fylkeslandbruksstyret. Krava frå fylkeslandbruksstyret er tekne til følgje og denne merknaden medfører ingen endringar i kommuneplanen.

Andre vurderingar:

I arealplangruppa vart det stilt spørsmål om utnytting av sideelvane i Flekke- og Guddalsvassdraget til kraftverk. Administrasjonen lova å sjekke dette og ta det med i vurderinga av kommuneplanen. For det aktuelle området er det Kommunedelplan / Fleirbruksplan for Flekke- og Guddalsvassdraget som gjeld. Denne er ikkje tatt opp til rullering saman med resten av kommuneplanen i denne omgang. I tillegg så gjeld verneplan for området samt at kraftverka må godkjennast etter vassdragslova som NVE forvaltar. Det har vore ein del spørsmål og diskusjon rundt denne problemstillinga tidlegare. I utgangspunktet så er heile vassdraget verna mot kraftutbygging. I kommunedelplanen står det at bygging av små kraftverk berre er aktuelt på stader der skadeverknaden er små og det vil krevje løyve etter vassdragslova. Her må ein difor ha ein eigen prosess for å klarere kva som kan godkjennast innanfor det aktuelle området. Administrasjonen vurderer det slik at dette må gjerast i samband med rullering av fleirbruksplanen / kommunedelplanen for området. Denne planen har ikkje vore revidert sidan den vart ferdig utarbeidd og treng såleis ei oppdatering på andre punkt og.

Det er og komme ein del merknader knytt til framstilling av plankart og tekstdel. Dette er i hovudsak snakk om kosmetiske endringar som er naudsynte for å få ein mest mogeleg eintydig plan. Administrasjonen er klar over at det er ein del feil og manglar i dei framlagde dokumenta. Dette gjeld spesielt teknisk framstilling av kartet og teiknforklaringa. Administrasjonen vil ikkje nemne alle detaljane her i saka, då det kun er snakk om teknisk framstilling av kartet. Administrasjonen vil difor gjere ein del tekniske justeringar ved oppteikning av endeleg plan.

I kommunedelplanen for Dale er det lagt inn eit offentleg område på Tross. Deler av dette området er i bustadområde og må endrast på kartet. Det gjeld sørvestlege deler av området og omfattar gbnr 63/71.

Administrasjonen meiner at ein ut frå justeringane som er gjort som følgje av innkomne merknader har kome fram til ei god løysing. Det kom inn fleire motsegner som ein alle har klart å avklare i god dialog med dei ulike partane. Det har heller ikkje medført store og vesentlege endringar av planen. Teamakarta er det ikkje gjort endringar på. Det er tilrådd ein god del mindre endringar, med samla sett meiner administrasjonen at desse ikkje er så vesentlege at planen treng ut til nytt offentleg ettersyn. Alle motsegnene er tatt til følgje og kommunen kan difor eigengodkjenne kommuneplanen sjølv.